

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Fylke: Opland  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Skjåk  
 Emne: Lauving Bygdelag: Skjåk  
 Oppskr. av: Edward Grimstad Gard: Grimstad  
 (adresse): Lillehammer. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Sumt av meg.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*Sumt av Arnund Grimstad, Skjåk, bonde, 72 år.*

## SVAR

1. For det aller mest er det slut med lauving.  
 Under siste verdenskrig vart det hogge noko lauv.  
 Men ein reknar at det var jamt over slut 20-30 år sia.
2. Lauvel tok dei like etter slatten. Når kornet (bygget) var skjott, drov karane på lauving med' kvinnfolket skov åkeren. Og det var ljørk og or som var lauvsog. God det ei osp eller ei setje i lauvsøigen, tok dei det med.  
 Det heitte lauvhaugging, og lauvrucking til sopalauv.
3. Lauvsigd heitte reidekapet. Til å felle skat av lauvljørk var brukta ei særskild lett, lueblada òks: lauvøks. Sigden til å kviste med.  
 Risping av lauv til å gøyme, var ukjent. Rispalauv, helst av or, tok dei om somnaren til grisfôr.
4. Det var lauva leide av roffaste og av nedhogde tre. Alderen på lauvsoggen var uviss. Dei tok han når det var lera med kvister.  
 Kulle er ukjent, men dei sa at dei skathaugde Bjørki vart hiki av i mannshøgde. Vanlig vart søigen hoggen fjordekvarter år. Lauvlyørk vart ikkje rispa. - Det var viktig at det vart

hogge på vaksand (nymane). Vart det hogge på turand, ville det ikkje bli skikkeleg vokst på treet, det vart knüllervokst.

Dei var varsame med lauvljørkom, og heldt dei for å vera mykje verd. Dei fann aldri på å ta ei god lauvljørk til ved eller emne. Men særskild inngjerding for dei trengdes ikkje og var ikkjend.

Kvisten dei laatt kjerret med, heitte svilke 5. Til turkings reiste dei kjerwi opp med ljørker eller gjerder eller store steinar. Vart det i utmark der kryter gjekk, kunne ein stikkje rått, d.v.s. ein la kjerwi i vide ljørker, med toppen utover, og grove høster millom kjerwi. Da ein var trygg for kryter, turka dei kjerwi for dei stikke.

Or var vanleg stekt på bakken, i stakk, med rotenden på kjerwi ut. Vanleg rundt 200 kjerwi i ein stakk. — Bjørk vart vanleg stekt oppe i ei ljørk - ei stikkje. Vart lauvt turka, var rotenden på kjerwi utover. — Under ein stakk kunne det vera ein stor flat stein, eller ei steinrings, eller det vart mura opp ein runding til stakken.

Første kjerret sette dei ei stikke - eit spet - til å feste det med. Dei kalla det å felle att når dei la siste kjerret. Da skulle stakken - stekka - vera slik at regnet rann av.

Til å få kjerret opp i stakken - stekka - med, hadde dei ei stong med ei klo i enden = senda. Oftast fann dei seg eit lugamt emne til sende med dei hogg lauvt. — Det var aldri dekke over stakken - stekka.

Lauvt vart salt i tjuge. Eit hundre var fern tjuge. Når dei stekte, skar dei ei

skoro i senda for kvart fjuge kjerw.

Lauver var ukjent.

6. Lauvet vart kjøpt heim på vinterføre, med trestongsleda, etter som det var bruk for det til småkryterrom. Var det slik at kryter gjekk ute om vinteren, så som geit, og dei kunne koma til der lauvet var, laut dei ta heile stakken med ein gong. Til ei stakkje som var oppi ei fjørk, kom ikkje geiti. - Det var ikkje deignad på lauvkøying.

7. Det var hogge lauv både i innmark og i utmark. Ein teig med lauvskog var verdsett høgre enn ein med fjørskog. Fjørskogen med vart nytta til for, og vart hoggen som fjørk, men berre vinterstid og treimkøyd med det same. Det laut helst gjerast i mildver, så baret-nålene-tekst på. I kalover ville nålene og småkvistane lett stökkje av. Difor var mildver skundom nemnt barver.

Skinner var ikkje med på lauvhogging til vantage.

8. Når lauvkjero vart kjøpt heim, var dei lagt på fjell, anten ute over fjørå, eller på fjell inne i småkryterfjøsset. - Geit og sau fekk lauv. Til kår kunne ein ha ristlauv av godfjørk, som veks høgre mot fjellet. Ristlauv hogg dei helst i sekerliom. - Vinters tid bruka dei å brote ris til kufor. Dei tok da kvister av fjellfjørk til små kjero. Desse vart kjøpt heim med det same.

Når dei gav lauv, rekna dei eit kjerw til fem sauer eller geiter, vanleg to gonger om dagen, det fjørk og det siste dei fekk. I nokorhinde milø

ver kunne lauvet rivast ut over gardsplassen til geitene - og stundom til sauen med. Skalder var det lagt at over fallen (inne i fjøset.)

Kyrne fekk ristauv eller ris som det sikk om kvelden, etter det var mjølka. Serleg riset lika kyrne godt, og dei beit kvistane om dei var grove som veslefingeren.

9. Serleg godt rekna dei lauv av rogn, syltju, vide og osp. (Osp til hestane så dei ikkje fekk smakk i magen. Det vart rispa av hjervet til hestane.) Rogn, syltju og vide var det elles svært like av. Stundom vart osp lauv og ospbork turka og male til fôr bland til hestane, serleg til unge dyr. Godkjørte til ristauv og ris var rekna som serleg godt fôr til kyrne. Mjølki vart så fitt av det.

10. Almetauv ukjent.

11. Tellestauving kunne gå for seg der det var sameige. Ein mann frå kvar gard - eigar - var med og lauva, og lauvet vart delt likt når dei høyrde det heim om vinteren. Eller det vart stekt i like store stakkar - stekker -, så kvar hadde sine. - Når ein lauvteig vart bortluigd, hogg leigaren på halvt: lauvet vart delt likt millom eigar og leigar.

12. Det vart vanleg delt på den måten at lauvet vart stekt i like store stakkar - stekker -, og eigaren fekk ta sine fyrst.

13. I lauvbjørk-skog (topphogde bjørk) var det helst ein som kunne arbeidet godt, som felle. Ein laut fara varleg med topphuggingen, så det ikkje gjekk röt i stovene. Til dette arbeidet brukta dei - som sumt inn.

3 - ei lett, brøklada oks. - Andre kvista og la i hjerv.

Den som felte, burde helst kunne bruke øksi-  
like godt med bae hender. Elles kunne det bli  
anvigt for han mang en gong under arbeidet.

Kvinner og born var ikkje med. Gufane var  
rekna som arbeidskarar og var med når  
dei var 12 år til vanleg, men ikkje i fellestauving.

14. Ask er ukjent. Bjørk var lauvhaugga.

15. Svar i nr. 11.

### B.

1. Neming: Sopalaav, råkålaav, ruskålaav, etter  
som arbeidet var gjort.
2. Helst av or (utt. eldre), stundom ljørk,  
og om det var der, tok dei med alt anna løv.
3. Reidskap etter som lendet var. Tøpe, pent bnde  
kuane dei bruke rive (råkålaav). Millom tuver  
og steiner nytta dei gjerne utblitne solvar  
(limer) (sopalaav), eller stene i tett skog (olde-  
skog) hadde dei stundom ein tur einkoied  
å riske i kop med (ruskålaav). Stundom  
var det laga små riner til dette bruket.
4. Lauvet var soppa saman i helet store hauger  
og frakta heim i tert ver i ymse ting: gamle  
flysser (atakkar), korgar, seinare sekker eller  
dynnar. Var vege lang, var lauvet kørpt  
heim i høykorgar (i den seinare tid)
5. Helst kvinner og halvaksne born gjorde  
arbeidet.
6. Lauvet hadde dei helet i ei lye, som var til  
det bruket
7. Til svin (lissvin) kunne dei ta ore lauv  
og ha på varmt vatn og lite grøype. Til  
andre dyr var det gjeve turt, ikkje blanda  
med anna fôr.

Til små kryter var det lagt ut over tallen

i små hauger, når det vart gjeve inne, - eller  
ute på gardsplassen.

8. Orslauvet vart halde for godt för, betre enn  
Ljorkälauvet. Steinkjörklauvet var for stekt  
dyri turkast opp av det.

9) 40 år sia var råkälauv vanleg för.

Etter som folkehjelpi minka, og dei nye  
bruksmåtar gav større avlingar på garden,  
vart det slut med å sope lauv, samtidig  
som det vart slut med lauvhugging. 20-30 år  
sia. Heller ikkje under siste verdenskrig  
vart det råkå, sope eller ruka lauv til för.

(Tillegg til Spm. om vassbering.  
neste blad)

2103

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING